

Notat

Dato: 07.02.2024
Ref: 033

Retningslinjer for kontaktutval for innvandrere og flyktninger (KIF) - vedtekne i formannskapet 06.02.2024

RETNINGSLINJER KONTAKTUTVALET FOR INNVANDRERAR OG FLYKTINGAR

1. Føremål

Kontaktutvalet (KIF) skal vera høyringsinstans og rådgjevande organ for offentleg verksemd og talerøyr for innvandrere og flyktninger i Stord kommune.

2. Samansetnad og oppnemning

Kontaktutvalet består av 6 medlemmer og varamedlemmer. Dei tre politiske medlemmene, 1 frå kvart politiske utval, vert oppnemnd av kvart utval. Leiar vart vald av og mellom dei politisk oppnemnde, nestleiar vald blant alle medlemmene.

Tre av medlemmene vert vald blant innvandrere og flyktninger tilhøyrande i kommunen. Medlemmene skal utgjera eit representativt mangfald t.d. kjønn og alder. Kommunedirektøren har ansvar for nominasjonsprosessen.

3. Arbeidsoppgåver for kontaktutvalet

Sikre formidling av kunnskap om og status for innvandrere og flyktninger i lokalsamfunnet som kan formidlast gjennom dei politiske medlemmene.

Ta initiativ til tverrkulturelle arrangement/tiltak i Stord:

Arrangement og tiltak i Stord kommune er på nokre område basert på frivillig arbeid. Det vert difor viktig at kontaktutvalet tek initiativ som fremjar at fleire innvandrere/flyktninger deltek i det frivillige arbeid i kommunen.

Ha fokus på integrering generelt, likestilling og kvinner og barns kår:

Det vil vera ei sentral oppgåve for kontaktutvalet å ha fokus på likestilling av kvinner, samt barn- og unge sine kår på Stord. Noreg har kome langt i synet på likestilling og barn sine rettar og verdi, og lovverk kring dette. Det er difor naturleg at kontaktutvalet har eit sterkt fokus på desse tema i arbeidet sitt.

4. Formidling av uttalar

Kontaktutvalet vert invitert til å gje høyringsuttalar i politiske saker som gjeld flyktninger og innvandrere.

5. Sekretariat og økonomi

Kontaktutvalet sin leiar har ansvar for sakslista og at den vert sendt ut i forkant av møta. Utvalet sin leiar peikar ut kven som skal føra møtereferat.

Medlemmene vert godtgjort i tråd med retningslinjene for innbyggjar- og brukarmedverknad i planlegging og utvikling av Stord kommune sine tenester.

6. Møter

Kontaktutvalet skal kvar haust vedta møteplan for komande år, med inntil 4 møter årleg. Innkalling skal skje med minst 5 dagars varsel etter oppsett møteplan. Sakliste vert sett opp av leiar eller den leiar peikar ut. Saksdokument skal sendast til medlemmer, varamedlemmer og andre med møterett.

Det skal først møtereferat frå møta som skal godkjennast som første sak i neste møte.
Frammøte, møtedato og klokkeslett må gå fram av møtereferatet.
Møtereferat vert lagt som referatsak til politiske utvala.

Kontaktutvalet er vedtaksfør når minst halvparten av medlemmene er tilstade.

7. Årsmelding

Kontaktutvalet utarbeider ei årsmelding som vert lagt frem som referatsak for dei politiske utvala.